

Sak 20-26 REGIONPLAN - STATUS OG VEGEN VIDARE
Bakgrunn:

I oktober 2024 vart ny Regionplan vedtatt i Hallingtinget. I denne saka skal me sjå på status på Regionplanarbeidet etter at den har vore verksam i halvanna år. I tillegg skal me vurdere om planen er godt nok forankra blant politikarar og administrativ leing i kommunane og om det er mål eller tiltak ein bør ta ut, ta inn eller justere når ein kjem til Hallingtinget i okt.

Her er alle tiltak med status

Grøn	Ferdig, gjennomført
Gul	Påstarta- i rute
Raud	Ikkje gjennomført – ikkje i rute

NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPlassAR			
Tiltak	Tid	Ansvar	Kommentar
Mål 1.1. Hallingdal har etablert eit tettare og meir formalisert samarbeid rundt det regionale næringsarbeidet.			
1.1.1. Utarbeide ein felles plattform for næringsutvikling i Hallingdal.	2025	Næringsforum	
1.1.2. Utvikle Hallingdal som ein meir «næringsvenleg region» Utarbeide ein digital portal med oversikt over alle ledige næringsareal, næringsstomter, ressurspersonar og støtteordningar.	2025	Næringsforum	Er påstarta, men går seint. Ikkje alle kommunar deltek
1.1.3 Vurdere dei tiltaka som kom fram i rapporten etter SATS PÅ HALLINGDAL	2026	Regionråd	Arbeidsgruppe er sett ned
Mål 1.2: Regionen har auke i talet på arbeidsplassar og nyetableringar og større variasjon i bransjar			
1.2.1 Arbeide vidare med etablering av investeringsfond for lokale vekstbedrifter	2025	Næringshage	Arbeidet står litt i stampe
1.2.2 Jobbe for eit fylkesdistriktssenter i Hallingdal	2026	Regionrådet	Dette blir det ikkje jobba med
1.2.3 Gjera fortløpande kartlegging på kva behov næringslivet har mtp støtte, tiltak frå kommunar og frå andre næringslivsaktørar	2025	Næringshagen Kommunane	
1.2.4 Utarbeide ein «gründerstrategi»	2025	Etablerersenter	
Mål 1.3: Auka innkjøp av lokale varer og tenester, som følgje av betre og meir tilpassa avtaler og betra innkjøpskompetanse.			
1.3.1 Utbetne den regional innkjøpsstrategien slik at den tek inn over seg nye krav til klimavenlege og innovative innkjøp og i større grad tek omsyn til lokale næringslivsaktørar.	2025	Kommunar	Regionråd

Mål 1.4: Kvinnenes posisjon i næringslivet er styrka			
1.4.1 Stimulere til nyetablering slik at det er over 40% kvinneleg gründarar	2025	Etablerarsenter	
1.4.2 Jobbe for å få fleire kvinner inn i leinga i bedrifter.	2026	Næringshage	
1.4.3 Jobbe for 40% kjønnsbalanse i styrer	2027	Næringshage	

KOMPETANSE OG UTDANNING			
Tiltak	Tid	Ansvar	Involvering
Mål 2.1: Hallingdal kan tilby 600 studieplassar på fagskule og høgskulenivå			
2.1.1 Arbeide for fleire desentraliserte studietilbod for høgare utdanning i Hallingdal	2025	Regionråd	Må ein justere målet?
Mål 2.2: Hallingdal jobbar systematisk med eit variert VGS tilbod, med å sikre gode overgangar frå grunnskule til VGS og med å opplyse om vidare utdanningsmoglegheiter i Hallingdal etter endt vidaregåande opplæring. Me stimulerer også lokalt næringsliv til å ta eigarskap til utdanningsløp for å sikre eigen arbeidskraft.			
2.2.1 Oppretthalde og vidareutvikle ein skulestruktur som styrkar gjennomføringsgrad og dekker regionen sitt behov.	2025	Regionrådet	
2.2.2 Jobbe for tilrettelagt og relevant yrkesfagtilbod, og kople vidaregåande skule og lokalt næringsliv.	2025	Regionrådet	
Mål 2.3: Yrkes- og utdanningsmessa er sikra økonomisk. Regionalt næringsliv ser på yrkesmessa som ein relevant arena for å rekruttere arbeidskraft.			
2.3.1 Me har fått på plass ei avtale med offentlege aktørar og næringsaktørar som sikrar drift av yrkesmessa framover	2026	Regionrådet	Manglar finansiering
Mål 2.4: Det er etablert fleire konkrete tiltak er som har fokus på å motverke utanforskap			
2.4.1 KI laben er vidareført og sikra økonomisk	2025	Hemsedal kommune	
2.4.2 Hallingdal har tiltak for innanforskap gjennom inkluderande arbeidsliv, sikre overgang frå skole til jobb og næringsutvikling	2026	Regionråd	Må utviklast vidare
Mål 2.5: Næringsliv, det offentlege og academia jobbar systematisk med næringslivsutvikling og samfunnsutvikling			
2.5.1 Vidareføre traineeordninga i Hallingdal både i næringsliv og i det offentlege	2025	Regionråd	Vanskeleg å få med næring og

2.5.2 Synleggjera verdiskapingsprogram, internshipordningar og karrieremoglegheiter	2025	Regionråd	Kan kommunar kuttast?
2.5.3 VGS etablerer seg som universitetsskular	2026	VGS	Kan kuttast?

KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR			
Tiltak	Tid	Ansvar	Involvering
Mål 3.1: Bygginga av vegpakke Hallingdal samt utbetring av fjellovergangane har kome i gang			
3.1.1 Arbeide for finansiering og oppstart av vegpakke Hallingdal i tråd med NTP	2025	Regionråd	
3.1.2 Arbeide for betra veg og betre vinterregularitet på fjellovergangane Rv7 og Rv52	2025	Regionråd	
3.1.3 Jobbe med konsekvensar av stenging av Lærdalstunnel	2025	Regionråd	
3.1.4 <i>Arbeide aktivt for at RV 7 og RV 52 (riksvegane) i Hallingdal blir prioritert når det gjeld skred, ras- og flaumsikring.</i>	2026		
Mål 3.2: FRE 16 - Bergensbanen si forkorting har fått oppstartsløyving.			
3.2.1 Arbeide aktivt for realisering av FRE 16	2025	Regionråd	
3.2.2 Delta i, og støtte ulike samarbeid og alliansar som jobbar for betra samferdselsløyvingar	2025	Regionråd	
Mål 3.3: Hallingdal har betra kollektivtilbod gjennom nytenking rundt organisering og finansiering			
3.3.1 Starte ein prosess internt i Hallingdal og mot/med fylkeskommunen for å finne nye kollektivløyvingar	2026	Regionrådet	
3.3.2 Sikre finansiering av Hallingbussen for framtida	2025	Samferdselsutval	
Mål 3.4: Alle bustadene i Hallingdal har tilbod om breibandsdekning			
3.4.1 Fortsette breibandsutbygging i Hallingdal	2028	Regionråd	Kor lenge varar ordninga?

KLIMA OG MILJØ			
Tiltak	Tid	Ansvar	Involvering
Mål 4.1:			
Reduserer materielt forbruk og aukar ombruk, gjenbruk og kjeldesortering.			
4.1.1 Innføre klimaråd i kommunane	2025	Kommune	
4.1.2 Innføre klimabudsjett og klimarekneskap i kommunane	2026	Kommune	
4.1.3 Miljøfyrtårnsertifisere fleire kommunale verksemder	2028	Kommune	
4.1.4 Etablere ombruk- og gjenbruksordning på alle lokale mot-tak	2025	Bærekraft Hal- lingdal	
4.1.5 Auke reparasjon, ombruk og delingsøkonomi for å sikre berekraftig forbruk og avfallsreduksjon i Hallingdal.	2025	Kommunar	
Mål 4.2:			
Hallingdal er pådrivarar for grønne næringar ved å få til økonomisk vekst med mindre miljøpåverknad og lågare utslepp av klimagassar			
4.2.1 Utarbeide forslag til besøksstrategi og sårbarheitsanalyse i for sårbare område og område med mye besøk	2026	Kommunane	Hemsedal har gjort noko
Mål 4.3			
Hallingdal reduserer utslepp frå vegtrafikk gjennom auka tilrettelegging for utsleppsfrie køyretøy, betre kollektivtilbod og tilrettelegging for sykkel og fotgjengarar			
4.3.1 Vera pådrivar for at personbilar, bussar, varebilar og tungtransport bruker elektrisitet, biogass eller hydrogen	2026	Kommunane Klimakoordinator	
MÅL 4.4.			
Hallingdal reduserer forbruket av energi og produserer meir fornybar energi			
4.4.1 Felles rammeavtale, eller regional kompetanse, for energimerking av kommunale bygg	2026	Regionrådet	
4.4.2 Stimulere til bruk av fornybare energikjelder ved kommunale og private bygg der det er hensiktsmessig	2025	Klimakoordinator Kommunar	
4.4.3 Få på plass ein regional energirådsgjevar	2026	Regionrådet Bærekraft H	
Mål 4.5 Hallingdal jobbar systematisk for å nå måla i regional plan for klima, natur og klimatilpassing			
4.5.1 Regional plan for klima, natur og klimatilpassing blir jamnleg gått gjennom i ulike utval, team og råd	2025	Ordførar Kommune	
4.5.2 Det blir rapportert på status og indikatorar årleg i Hallingtinget	2025	Rådsordførar Regionrådsleiar	

BU-OG BLILYST			
Tiltak	Tid	Ansvar	Involvering
Mål 5.1: Det er etablert samarbeid mellom offentlege og private aktørar om bustadutvikling i alle kommunar, og utarbeidd strategiar for styrka regionalt samarbeid på bustadfeltet.			
5.1.1 Vurdere modellar for å gjera det lettare å koma inn på bustadmarknaden	2025	Kommunen	
5.1.2 Pilotere eit «opplysningskontor for bustad» i Hallingdal	2025	Kommunen Næringshage	
5.1.3 Kartlegge kommunen sitt bustadpolitiske arbeid og moglegheitsrom for samarbeid, styrker og svakheiter	2025	Kommunen Regionalt bulyst-program	
5.1.4 Heve kompetansen på verkemiddelbruk i kommunane gjennom t.d. bustadkonferanse, kursing osv.	2025.- 2026	Opplysningskontor for bustad	
Mål 5.2: Det er iverksett strategiar for å få bulystarbeid inn i kommunal drift, og ein har fått på plass tiltak for auka trivsel og tilhøyrighet for innbyggjarane i Hallingdal			
5.2.1 Vidareutvikle bulystforum i Hallingdal med deltaking frå kommunane.	2025	Kommunane	
5.2.2. Gjennomføre tiltak som kjem i bu- og blilystprogrammet	2025 2026	Regionalt bulyst-program	Regionrådet BFK
5.2.3 Implementere ein trivselstrategi i kommunane	2025	Kommunen	Regionalt bulyst-program
Mål 5.3: Hallingdal har iverksett nye tiltak for at fleire flyttar til Hallingdal og blir buande, og færre flytter frå.			
5.3.1 Delta i ei landsdekkande undersøking om kva som får folk til å flytte til distrikt	2025	Fjellnettverket Regionalt bulyst-program	
5.3.2 Delta i Emigration expo i Nederland	årleg	Regionråd	
5.3.3 Utarbeide ein rekrutteringsstrategi i Hallingdal for offentlig sektor	2025	Kommunane	
Mål 5.4: Hallingdal profilerer seg som EIN bu- utdannings og arbeidsregion og har målretta marknadsføring mot den kompetansen og dei folka me treng for å utvikle regionen			
5.4.1 Etablere ein overordna profileringskanal for Hallingdal. (Hallingdal.no)	2025	Regionråd	
5.4.1 Styrke Hallingdal som merkevare	2026	Regionråd	

MÅL 6. INTERKOMMUNALE TENESTER OG SAMARBEID			
Tiltak	Tid	Ansvar	Involvering
Mål 6.1.			
Hallingdal har utvikla eit strategi for betre samarbeid mellom ulike nivå i kommunane, mellom kommunar og mellom kommunar og Regionråd			
6.1.1 Utarbeide køyrereglar, mandat eller strategi for å betre det regionale samarbeidet	2025	KRU	
6.1.2 Arrangere årleg leiarsamling med fokus på regionalt samarbeid	2025	KRU	
6.1.3 Utvikle gode samarbeidsløysingar som ivaretek lokale arbeidsplassar og regionalt fagmiljø	2025	KRU	
Mål 6.2:			
Hallingdal er einige om korleis ein forvaltar nye og eksisterande regionale samarbeid og eigarinteresser			
6.2.1 Hallingdal vil auke opplæring i, og betre rutineane for eigarstyring	2025	KRU	
6.2.2. Auke styrekompetansen hjå politisk leiing	2026	Regionrådet	
Mål 6.3:			
Hallingdal samarbeider godt om kommunale fagområde der det tener den enkelte kommune og Hallingdal samla sett.			
6.3.1 Utgjeie ei felles legevaktsløysing i Hallingdal	2025	Regionrådet	
6.3.2 Utvikle Hallinghelse som samarbeidsarena for helsetenester. Vurdere tettare samarbeid med oppvekst	2026	KRU	Er dette gjort?
6.3.3. Utgjeie eit interkommunalt samarbeid innanfor demensomsorga i Hallingdal <ul style="list-style-type: none"> • Unge demente • Alvorleg demenssjukdom • Bustader til demente 	2027	Kommunane Regionråd	
6.3.4 Utgjeie eit tettare samarbeid til personar med samansette behov	2027	KRU	
6.3.5 Fortløpande vurdere kva fagmiljø og kva tenester som bør/må samarbeide tettare for å betre kvalitet, økonomi eller redusere sårbarheit og styrke beredskap	Kont	KRU	
6.3.6 Styrke det regionale beredskapssamarbeidet ved å gjera følgande tiltak: <ul style="list-style-type: none"> • Regional ROS • Beredskapskoordinatorane bør ha faste møte. • Årleg regional beredskaps-samling med kriseleiinga i kommunane, nødetatar og samvirkeaktørar. • Kommunane i størst mogeleg grad bruke felles planmalar 	2025	KRU	Er i gong. Ventar på svar frå Statsforvaltar om økonomi

6.3.7	2025	KRU	
Arbeide for interkommunalt samarbeid om formidling innan tradisjonskulturen i Hallingdal, særleg innan for kultur og oppvekstsektoren			
Mål 6.4:			
Hallingdal har betra, fornya og forenkla sine IT løysingar slik at ein kan møte den digitale framtida på ein sikker, kvalifisert og effektiv måte.			
6.4.1	2025	IKT Hallingdal	
Utarbeide og ta i bruk ein oppdatert digitaliseringsstrategi for Hallingdal			
6.4.1	2026	IKT Hallingdal	
Restrukturere organisering og leiging av digitale tenester og løysingar			
6.4.2	2025	IKT Hallingdal	
Samordne bruken av digitale løysingar i kommunane og auke bruken av nasjonale felleskomponentar			
6.4.3	2026	IKT Hallingdal	
Ta i bruke KI som verktøy i heile Hallingdal Tema i regionråd			

Vurdering – Moglegheit justeringar og for nye samarbeid :

Oversikta over viser at det blir jobba godt og systematisk med mange av dei tiltaka som er framheva i regionplanen og som må gjerast for å nå måla våre. Likevel er det fleire område og tema som har vore trekt fram som satsingar der me ikkje har lukkast, der me må vurdere å tenke nytt eller der me bør vurdere å endre strategi. Alle tiltaka som blir drøfta nedanfor står i Regionplanen.

NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPASSAR:

Dei fleste er einige i at Hallingdal er ein bu og arbeidsregion og at me derfor bør samarbeide om nærings-utvikling i regionen. Fleire har teke til orde for at me bør jobbe meir systematisk med regional næringsutvikling og me meiner det er på sin plass at Regionrådet tek ei drøfting rundt fleire aspekt knytt næringsutvikling. Stikkorda er kraftsamling, systematikk, felles deltaking og økonomi.

- **Sats på Hallingdal 2.0** – Arbeidsgruppe er sett ned - har ikkje kome i gong, utfordringa er mest økonomi. Kan dette sjåast i samanheng med regionalt næringsfond i Regionrådet og er det mogeleg å tenkje regionale utviklingsmidlar frå overskotet av interkommunale selskap og deltaking frå stiftingar og næringsliv?
- **Felles plattform for næringsutvikling og utvikle Hallingdal som ein meir «næringsvenleg region».**
Tiltaket lukkast ikkje fullt ut fordi ikkje alle kommunar deltek og at det er for lågt prioritert. Me trur næringslivet hadde tent på meir samarbeid og større regional innsats. Korleis kan ein tenkje nytt og revitalisere? Er det semje om felles om å ha felles retningslinjer, felles oversikt over næringslokale, næringsstomter, kontaktpersonar o.s.v. eller er dette noko kommunane i større grad vil jobbe aleine med ?
- **Trainee Hallingdal**
Bra tiltak for å få ungdom med høg utdanning til dalen. Blir ikkje vidareført p.g.a. manglande deltaking frå både kommunar og næringsliv. Er dette noko ein burde vurdert å riste liv i ?

KOMPETANSE OG UTDANNING

Her er det stort sett semje om tiltaka - men det krev innsats og arbeid for å oppretthalde dei tiltaka me allereie har i Regionplan

BU OG BLILYST

Bør Hallingdal jobbe endå betre saman for å «vinne» kampen om arbeidskrafta?

KLIMA OG MILJØ

På dette området er det stor forskjell på kva kommunane gjer og kor høgt dei prioriterer arbeidet. Skal ein t.d. gjera noko felles på besøksforvaltning som er snakka om fleire gonger, skulle ein forsøkt å vorte einige om andre felles innsatsområdet der det hadde vore gunstig å stå saman? Er det mogeleg å få på plass midlar til enkle klimatiltak – slik at ein kan søke klimasatsmidlar og få dobbelt att? Andre tiltak på klimaområde?

INTERKOMMUNALE TENESTER OG SAMARBEID

På dette området blir det gjort veldig mye allereie, og så er det kome fleire spørsmål om en bør gjera meir:

Administrative leiarnettverk.

Det har dei siste åra vore noko friksjon i nokre av dei administrative leiargruppene. Det er forsøkt like verkemiddel for å redusere denne friksjonen, m.a. arrangere leiarsamling med fokus på regionalt samarbeid, oppmode til oppmøte og samarbeid osv. Korleis skal ein sikre ein god dialog og eit velfungerande samarbeid?

Kultur: Er det moglegheit for eit større samarbeid på kulturområde?(Merete)

Hallinghelse: Regionplanen seier at me skal utvikle Hallinghelse som samarbeidsarena for helse-tenester og vurdere tettare samarbeid med oppvekst. Helseadministrasjonen i to av kommunane vil ut av samarbeidet. Korleis skal me gripe dette an?

Helsesamarbeidet: Me har i «alle år» diskutert økonomien ved sjukestugu. Her eit arbeid på gong for å få til ein betre økonomisk modell for å sikre likeverdige helsetenester.

Når det gjeld resten av kommunehelsetenesta er det heilt konkrete tiltak i Regionplanen som handlar om samarbeid om demensomsorga og om tenester til personar med samansette behov. Skal Hallingdal gjera noko med dette, er det noko me skal utsette litt eller skal det ut av planen?

Organisering av Helse og omsorg

Alle kommunar får ein kraftig vekst i talet på 80+, fram mot 2050

- Talet på innbyggjarar i arbeidsfør alder står stille - eller går ned i fleire kommunar.
- Hallingdal ligg høgt nasjonalt på utgifter til pleie og omsorg.
- Bruken av vikarbyrå aukar kraftig, eit tidleg varsel om framtidig knappheit på arbeidskraft .

NOU 2026:1 – *En bærekraftig kommunesektor* slår fast tre hovudpoeng som og gjeld i Hallingdal:

1. Mangel på arbeidskraft er den reelle flaskehalsen
2. Summen av krav og styring er ikkje berekraftig og at dagens statlege styring er for omfattande: Kommisjonen argumenterer for at detaljkrav – bemanningsnormer, kompetansekrav, øyremerking – bind opp arbeidskraft og gjer kommunane mindre i stand til å omstille seg.
3. Struktur og samarbeid blir avgjerande
NOU-en er tydeleg på at små og mindre sentrale kommunar står overfor dei største problema:

NOU-en avsluttar med ei klar åtvaring:

«Konsekvensene av å ikke gjøre noe vil antagelig bli aller størst innenfor helse og omsorg. Det hjelper lite å ha en rettighet om det ikke er folk til å oppfylle den»

Spørsmålet er då:

1. Forstår me utfordringa – og vil me gjera noko med den?
2. Skal me utvikle omsorgstenestene som i dag (jobbe smartare, auke trivsel, satse på teknologi).
3. Skal me vurdere meir forpliktande regionalt samarbeid, større, felles einingar og Hallingdal som ein *helseregion* (*slik det vart drøfta på Hallingtinget for 3 år sidan*)

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Første del er ei orientering, andre dele er ei drøfting av ulike tiltak som står i Regionplan i dag, eller som ein kan vurdere å ta inn i ein eller annan form: Det er ikkje meininga å jobbe med alt dette samstundes, men det kunne vore bra med ei avklaring på kva skal jobbast vidare med, kva skal ut og kva må endrast.

Hallingdal, 15. mars 2025

Jan Olav Helling
Dagleg leiar